



Øygarden har fått ny barnehage i Blomvåg

8 29. oktober var det opningsfest i den nye barnehagen



- 4 Juletradisjonar med fortid og framtid
- 6 Visitas og kommunemøte
- 7 Jul i kyrkja og digital julaftangudsteneste

10 Ein annleis dag på Skjergardsheimen



Ta vare på kvarandre!

Tom Georg Indrevik
Ordfører i Øygarden kommune



I eit spesielt år som dette er det trygt og godt å vita at julebodskapen står fast. Eg håpar at dette vil inspirera oss til å ta vare på kvarandre og gjera ein forskjell for nokon som treng det. Alle kan gjera litt. Kanskje kan vi invitera på besøk eller ta ein telefon til ein person vi ikkje har besøkt på lenge? La oss alle saman gjera dette til ein god jul for kvarandre. I år treng vi det meir enn på lenge.

Eg ønskjer alle innbyggjarar, tilsette og andre lesarar ein fredeleg jul.

Kjære alle saman

Erling Vik
Soknerådsleiar



Vår visjon i Hjelme og Blomvåg sokn er: «elska av Gud og menneske». I år vil eg gjerne at me alle kan reflektere over desse orda.

Det som er udiskutabelt og sant er at me menneske er elska av Gud. Jula minner oss om dette.

«For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv». Så er det opp til deg og meg om me vil ta imot denne gåva.

Når me har blitt vist ein så stor kjærleik er ikkje det då ein god grunn til at me vil elska vår neste?

Ver raus med venlege og gode ord og gjerningar i møte med andre menneske. Måtte me alle få ei god og fredfull juletid og kjenne på dette at me er elska av Gud og mennske.

Me lever i usikre tider. I dette nummeret har me annonsert gudstenester, arrangement og konsertar. Men me veit ikkje korleis smittevernglone er om nokre veker.

Følg difor med på våre nettsider www.kyrkja.no/oygarden for oppdatert informasjon.

Julaftan og nyttårsaftan er telefon og kontoret stengt. Postmottaket vert besvart kl. 09.00 – 12.00.

Redaktøren har ordet


Olav Martin Vik
Redaktør



Når du les dette bladet så er me inne i advent. I år vert førjulstida annleis enn tidlegare år. Lite visste me i fjor på denne tida at 2020 skulle bli eit år styrt av eit virus, eit virus som råkar menneske over heile verda. Viruset set grenser for det meste me driv på med og gjer oss litt matt. Ventetida fram mot jul dette året vert ei tid der me ventar på ein vaksine og me ventar og håpar på at me kan feire jul under nokolunde normale omstende. Det er usikkert. Det er eit alvor over dette. Eg har skrive mange gonger at me rår ikkje med alt. Eigentleg er livet ganske så usikkert. Takk til Gud som rår med alt og som alltid er der. Takk til Gud som sendte Jesus, det viktigaste me skal vente på i tida fram til jul, også i ei koronatid.

I tillegg til å vere kyrkjeverje har eg også vore redaktør for kyrkjebladet i Fjell og ØyNytt som kjem ut i Hjelme og Blomvåg sokn (gamle Øygarden). Det har vore ei interessant og spennande oppgåve. Arbeidet vart lettare når fellestrådet fekk informasjonsmedarbeidar. Kyrkjeblada når mange. Me arbeider heile tida for å gjere bladet sitt innhald interessant for lesarane. Dette er den siste utgåva eg er redaktør for.

Eg takkar av som redaktør for ØyNytt og ønskjer alle ei fin førjulstid og adventstid.



Julestemning i Fjordparken i kommunedelsenteret på Rong. Foto: Ottar Vik

Andakt

Lyset vart tent

Noko skjedde i Betlehem. Ei av dei mest håpefulle omtalar av denne hendinga finn me i Joh 1, 5: «Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det.»

Det vart tent eit lys i verda som ikkje er sløkt. Historia syner at det ikkje var eit blaff. Sidan me ikkje kunne lyse opp verda på eiga hand, måtte Gud trø til. Han måtte kome til oss, medan våre forsøk på å kome til han ikkje lukkast. Som eit lite barn kom han, og han var verdas lys.

Eit lys har den funksjonen at det ikkje lenger er mørkt, og me kan sjå tinga rundt lyset. Jesus vert som ei lampe. Ikkje berre er han ei lyskjelde me kan sjå og som viser veg, men han gjer at me ser omgivnadane våre på ein ny og annleis måte. Tinga rundt oss har alltid vore der, men no lyser Jesus opp verda så me ser føremålet med livet i eit anna lys, me kan sjå andre menneske i eit nytt lys og me kan sjå på døden og destruksjonskreftene gjennom håpet sine auge.

Lysskinet frå Jesus gjer at me ser livet meir tydeleg, både det gode og det dårlege. Dette har Gud alltid sett. Han såg at me alle trong ein frelsar. Gud ville ikkje at verda skulle liggje i mørkret. Difor er eit lys tent for barna i flyktningeleirane, eit lys er tent for dei sjuke, dei einsame, dei nyfødde og dei gamle, eit lys er tent for ei verd som slit med pandemi. Verdars frelsar er født og hans klargjerande lys skin for deg.

Det skjer noko når me opnar oss for lyset. Fysikken lærer oss at lys er energi, mens mørkret er ingenting. Mørkret er fråvæ av energi. Opnar me ei dør mellom eit lyst og eit mørkt rom, er det lyset som siv inn i det mørke, ikkje mørkret som fyller det lyse. Lyset er sterkast.

Jula sin bodskap er at Gud har opna døra mellom himmel og jord, det siv lys frå han til oss. Jorda ligg ikkje i mørkre og liding, synd, og død skal til slutt gi tapt. Lyset skin i mørkret og mørkret kan ikkje overvinne det.

Ha ei velsigna jul! Lat oss ta vare på kvarandre og lyse opp for kvarandre.

Espen Sigve Tveten
Sokneprest Hjelme og Blomvåg



ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.

Det er også mange abonnentar utanfor soknet. Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

Kjem ut våren 2021:

12. februar
26. mars
4. juni

Redaksjonen vert avslutta ei veke før.



– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn

Utgjevar: Øygarden sokneråd
Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik
Grafisk produksjon: Yngvild Mørner Sørheim
Trykk: Bodoni AS

Miljømerket trykksak 2041 0699

Kontingent: Kr 125 i Hjelme og Blomvåg sokn / Kr 175 utanfor Hjelme og Blomvåg sokn

Takkeannonsar: Kr 100

Annonsar: Kontakt redaksjonen

Bankkontonummer: 1503.84.37590 for kontingenter og gåver

Opplag: 2500 pr. nummer. 6 nummer i året.

DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellestråd

Telefon: 400 03 316

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Besøksadresse: Øygarden kyrkjekontor, Temahuset på Straume

Postadresse: Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:

www.kyrkja.no/oygarden

Facebook: kyrkjaioygarden

Soknepresten i Hjelme og Blomvåg:

Espen Sigve Tveten

E-post: et838@kyrkja.no

Telefon: 91 61 78 00

Leiar i soknerådet:

Erling Vik

E-post: erl-vik@online.no

Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellestråd: 976 995 430

Gåver kan du også gjere ved bruk av appen Vipps

Juletradisjonar med fortid og framtid



Jula i år vert annleis.
Kanskje det gjev rom til å sjå kva som er viktig for oss?

Espen Sigve Tveten
Sokneprest Hjelme og Blomvåg



Jula er tida for nostalgi. Minne frå vår barndomsjul kjem attende; lukter, smakar og opplevingar. Julefeiringa er som eit lim mellom oss. Jula gjev oss ei felles kjensle av annleis tid. Alle har eit forhold til jula. Samstundes veit me at jula ikkje berre gjev gode minne og kjensler hos alle.

Sterke tradisjonar

Det er interessant å sjå korleis julefeiringa har utvikla seg. Noko har ført oss nærare kvarandre og noko har vorte uthola.

Går me attende til Luther på 1500-talet, var det han som gjorde jula til ei familiehøgtid. Før var det store festprosjonar på torget og i klostera, men Luther ville ha

ei fornying der det ytre måtte vike for det nære og indre ved julefeiringa.

1800-talet

Den neste store endringa kom med nasjonalismen etter 1814. I denne tida var ikkje advent, men preget av faste og nøysomheit. Men julaftan klokka 17 starta klokkinginga frå kyrkjene, og det var det store signalet for at festen kunne starte. Gåver vart gjeven, men helst til nyttår. Dei fattige og husfolk fekk mat og klede, og barna gav enkle gåver utan innpakning til foreldra. Ei stor endring i våre auge er inntoget av juletreet. Før var julekrubba hovudsymbolet, men den måtte snart gje tapt for treet. Først var det berre juletre på dei store gardane, og den katolske

kyrkja meinte treet var ein heidensk skikk. Men treet fornya julefeiringa og fekk fram festen og gleda. Treet skulle opp før juledag, og slik fekk julekvelden den 24. ei ny rolle. Til no hadde den dagen vore ein førebuingssdag, no blei kvelden ein del av festen.

Starten av 1900-talet

Rundt 1900-talet forsvann tradisjonen med nyttårgåver, no var det berre julekvelden som gjaldt. Gåvene vert no pakka inn og alle skulle få. Men innhaldet var ganske beskjedent samanlikna med no. Både nissen og julebukkane ville no vere med i feiringa etter påverknad frå Sverige og USA. Etter kvart begynte folk å flytte rundt i landa. For å minka avstanden vart det

normalt å sende julekort. Postgong var ikkje berre for dei få og portoen gjekk ned.

Etterkrigstida

Frå å vere ei roleg julehøgtid, vart no tida travel. No vart høgtida kommersialisert og adventstida vart viktig med julegater og julehandel. Dette vart saman med inntoget av radio og TV ein stor konkurrent til gudstenester og andre juleskikkar. Allereie på slutten av 60-talet ser me at julaftan nesten vart slutten på julefeiringa, og ikkje byrjinga. På 70-talet fekk ein augo opp for at kjøpepress og julestress hadde uheldige sider. «Alternativ julefeiring» dukka opp. I denne tida overtok julaftan frå første og andre juledag med å ha den einaste gudstenesta med folkeleg preg og oppslutnad. Julesongane kom no under press. Fram til no hadde dei vore ein viktig tradisjonsberar. Skular og radio vart prega av eit nøytralitetspress. Dei kristne julesongane vart luka ut i større grad enn kva me opplever i våre dagar. Slik overtok

dei amerikanske songane marknaden. Når me kjem til 80-talet har nesten heile festsyklusen som har vore rundt jul og nyttår i 1000 år vorte forandra av ei kommers utvikling. Jula er no meir fritid enn heilagdag. Mentaliteten er at det skal vere dyrare og finare år for år.

Framtida

Til tross for fleire negative utviklingstrekk, og ei bevisstgjerjing om at alle ikkje har det godt i jula, er det likevel mykje med høgtida som er godt og verdt å hegna om. Juletida er ei annleis tid som innbyr til refleksjon og er ei tid for dei nære verdiane. Me treng framleis desembermånaden som skapar lengsel og glede i tindrande barneauge. Adventstida har blitt viktigare og fått eigne tradisjonar. Heile desember har vorte ei tid for lystenning og samvær. Hos mange er det ein lengsel bort frå det materialistiske, og det kan gå mot ei fornying av gåvetradisjonen med meir menneskelege verdiar, som

oppmuntringar, tid, opplevingar og besøk. Den største tradisjonsberaren for vår tid er julesongane. Dei har stor kraft. Ingen nøytralitetskrav dempar radio og fjernsynet her. Og om det er glissent på gudstenestene første og andre juledag, er det i alle fall god oppslutnad om julaftan der 10 % av befolkninga går.

Jula består

Tradisjonar er viktige for oss. Denne jula vil me merke det. Når sannsynlegvis alt ikkje let seg gjennomføre, vil me kjenne på kroppen kva slags tradisjonar som er viktige for oss.

Det klåraste teiknet til at jula vil bestå, er at ho framleis finst hos oss. Ei lita hending i Palestina for lang tid tilbake, bærer i seg kraft til å stå seg mot tidas tann. Jula vil bestå som verdas mest utbreidde festtid, og det kristne innhaldet vil vere berande.

(Til denne artikkelen har mi viktigaste kjelde vore «Poetisk jul» av Ernst Baasland.)

Morgonmesse Blomvåg kyrkje

kl. 06.30-07.15

Onsdag 16. desember

Få ein innhaldsfull start på dagen

Medverkande

Øyvind Blom - piano

Trygve Helleesen - saksofon/fløyte

Arne Gunnar Solsvik - bass

Øyvind Solsvik - trommer

Forsongarar: Julie Agathe Rong, Mathilde Karin Dale,

Matilde Solsvik og Roar Barmen Fløysand

Andakt: Roar Barmen Fløysand og Espen Tveten

(Det blir ikkje nattverd pga. smittevern)

Visitas og kommunemøte

Det var bispevisitas i Sund sokn 3. – 8. november.

Tekst: Olav martin Vik
Foto: Vigeik Brekke, Øygarden kommune



Frå venstre; Dag Olav Bjarøy (leiar Øygarden kyrkjelege fellesråd), Erling Vik (leiar Hjelme og Blomvåg sokneråd), Atle Dåvøy (varaordførar), Tom Georg Indrevik (ordførar), Astrid Fylling (seksjonsleiar for diakoni Øygarden kyrkjelege fellesråd), Vetle Karlsen Eide (Seniorrådgjevar diakoni, samfunn og misjon i Bjørgvin bispedøme), Annlaug Børve (kyrkjevevjerje Øygarden kyrkjelege fellesråd), Tore Skjæveland (kyrkjefagsjef Bjørgvin bispedøme), Halvor Nordhaug (biskop), Kjell-Asle Børnes (sokneprest Sund) og Svein Myklebust (leiar i Sund sokneråd).

Delar av programmet måtte dessverre gå ut som følgje av nye nasjonale og lokale smitteverntiltak. Gudstenesta 8. november som skulle markere avslutninga av visitasen gjekk også ut.

Ved ein visitas møter biskopen kommunen. Eit slikt møte omfattar heile verksemda til Den norske kyrkja i kommunen. I møtet trakk ordføraren fram det gode samarbeidet som er mellom frivillighet/næringsliv, kommune og kyrkja. Eit godt døme på dette er Basecamp. Ordføraren viste også til suksessen med fellesgudstenesta 5. januar i samband med etableringa av den nye kommunen.

Ordføraren var oppteken av at bindingane mellom kommunen og kyrkja må forankrast i samfunnsdelen i kommuneplanen som no er i arbeid.

Biskopen la vekt på det gode samarbeidet som har vore mellom kommunane og



Ordførar Tom Georg Indrevik og biskop Halvor Nordhaug helste på kvarandre på koronavis.

lokalkyrkja og at det samarbeidet må vidareførast. Kommunen ser kyrkja er biskopen si oppfatning.

Diakoni, samarbeidet mellom kyrkje og skule/barnehage og vedlikehald var også tema.

I februar er det visitas i Hjelme og Blomvåg sokn i Øygarden og soknerådsleiar i Sund, og Hjelme og Blomvåg deltok difor i møtet med kommunen. På fellesrådsnivå møtte fellesrådsleiar og kyrkjevevjerje saman med seksjons-leiar for diakoni.

Kva er ein bispevisitas?

Den første veka i februar neste år kjem biskop Halvor Nordhaug på besøk til Hjelme og Blomvåg sokn. Det er femten år sidan førre bispevisitas. Men kvifor kjem biskopen på besøk?

Formålet med visitasen er å leggje forholda til rette for aktivt engasjement og stadig fornying av kyrkja i landet vårt. Ein bispevisitas er eit institusjonalisert og rettsleg ordna besøk av biskopen for å utøva kyrkjeleg tilsyn. Biskopen er den øvste leiaren i eit bispedøme. Vårt bispedøme, Bjørgvin, består av sokna i Vestland fylke.

Gjennom bispevisitasen vil biskopen støtta, inspirera og rettleia kyrkjelydar og tilsette, og gjere kyrkja sitt nærvær synleg i lokalsamfunnet. Biskopen skal ved visitasen leggje vekt på forkynninga av Guds ord i soknet.

Ved besøket denne gongen vil biskopen ha gudstenester, besøka Tednebakkane omsorgssenter og Øygarden ungdomskule. Han vil samtale med dei tilsette og soknerådet. Opne arrangement vert fellesskapskveld 3. februar i Hjelme kyrkje kl. 19.00 og visitasgudsteneste 7. februar kl. 11.00 i Hjelme kyrkje. Biskopen vil òg møte kommuneleiinga. Dette besøket er allereie gjort då kyrkja i Sund hadde sin visitas i november.

Til denne visitasen er det skrivi ein rapport som vil verte tilgjengeleg i kyrkjene og på nettet.

Kyrkja i tida som kjem

Kyrkja har lagt opp til eit innhaldsrikt program i til advent og jul. Som me alle veit, skjer endringar fort i koronatida. Difor er det i skrivande stund vanskeleg å seie korleis juleprogrammet vert i tida som kjem. Me tek høgde for at det vert ei avgrensing på 50 personar på kvar gudsteneste. Den viktigaste meldinga me kan kome med no, er å følgje godt med på nett og i aviser. Om ein ikkje har tilgang til nett, kan ein ringje kyrkjekontoret.

Normalt sett er svært mange innom kyrkjene våre i desember. I år veit me at det dessverre vert avgrensingar i kor mange som kan delta på gudstenester og andre arrangement. Dette forutset sjølv sagt at me får lov å halde gudstenester.

Difor vert det påmelding til gudstenester på kyrkja.no/oygarden
Påmelding til Blomvåg og Hjelme kyrkje opnar måndag 14. desember kl. 12.00.

Når det gjeld andre arrangement som til dømes konsertar, må de oppsøke informasjon på nett. På julaften vert det lagt ut gudsteneste på kyrkja si nettside og Facebookside.

Den beste måten å følgja med på kva som skjer er ved å lese www.kyrkja.no/oygarden eller følgja Facebooksida vår facebook.com/HjelmeogBlomvagSokn

Julegudstenester

Endringar i oppsett plan kan på grunn av koronarestriksjonar kome på kort varsel. Dei vert kunngjort på kyrkja sine nettsider, på Facebook, og om mogeleg i VestNytt.

Julaften 24. desember kl. 11.00

Tednebakkane omsorgssenter

Julaftangudsteneste ved Knut Kaldestad.

Julaften 24. desember Kl. 14.30 – Blomvåg kyrkje

Julaftangudsteneste ved Espen Tveten.

Julaften 24. desember Kl. 16.00 – Blomvåg kyrkje

Julaftangudsteneste ved Espen Tveten. Song av Gospelteens.

Julaften 24. desember Kl. 16.00 – Hjelme kyrkje

Julaftangudsteneste ved Knut Kaldestad.

Belinda Hellesund er med på kornett.

25. des kl. 12.00 – Hjelme kyrkje

Høgtidsgudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd.

26. des kl. 12.00 – Blomvåg kyrkje

Høgtidsgudsteneste ved Knut Kaldestad. Nattverd.

1. januar kl. 12.00 – Blomvåg kyrkje

Høgtidsgudsteneste ved Knut Kaldestad. Nattverd.

Digital gudsteneste frå Blomvåg kyrkje vert lagt ut på julaften på facebook.no/hjelmeogblomvag

Øygarden har fått ny barnehage i Blomvåg

-Kommunen er oppteken av å finna gode løysingar, sa ordførar Tom Georg Indrevik

Tekst: Gerhard Vik
Foto: Ottar Vik og Geir Jensen



Koronatidene kunne ikkje hindra ein skikkeleg opningsfest av den nye barnehagen i Blomvåg. Eit begrensa antall personar hadde møtt fram til festen den 29. oktober. Og det var litt av eit anlegg gjestene fekk presentert, krydra med god mat, underhalding, og god avstand mellom gjestene.

Eit stort og romsleg byggverk

Barnehagen har eit bruksareal på 1800 kvm og er godkjent for 104 barn. I dag er det 20 ledige plassar. Bygningen er utforma med lokaler som i framtida kan utvida og innreist til ein ny avdeling. Eit stort uteareal er opparbeidd som leikeområde og parkanlegg i nær tilknytning til Blomvåg skule. Den totale byggekostnaden er på 40 mill kr.

I underetasjen finn me ein stor og romsleg møtesal med plass til 300 stolar og moderne teknisk lyd- og lysanlegg. Denne salen skal kunne brukast til

forsamlingslokale på kveldstid og i helgene når barnehagen er stengd.

Det er Norsk Lutersk Misjonssamband som står som eigar av anlegget som er den andre barnehagen organisasjonen eig og driv i gamle Øygarden kommune. Det var kommunen som spurde organisasjonen om å byggja ny barnehagen som vil kunna dekkja store deler av bygdene nord i kommunen.

Ordføraren gratulerer

-Dette er eit utruleg flott og praktisk anlegg. Vi er opptekne av å finna gode løysingar uavhengig av om det er ein offentlig eller privat barnehage, sa ordførar Tom Geort Indrevik i sin helsingstale.

-Og så er det så bra at anlegget også fungerer til bruk heile døgnet og som bedehus og samlingsplass for ein ideell organisasjon til store og ulike samlingar – ein stad med stor aktivitet.

"Olaug og Jakob har fått dreis på dette med praktiske løysingar", sa ordføraren som også skrytte over den storslagne utsikta frå barnehagen ut mot havet i vest som viser seg både i storm og i stilla. Han overrekte eit puslespel som gåve frå kommunen.

Ros til Jakob Blom

-Me vil gjera brukarane stolte, sa dagleg leiar Olaug Rong. Me er heldige som har så godt samarbeid med kommunen, og me er glade for det gode samarbeidet me har hatt med handtverkarane.

Ho retta også ein verbal blomst til Jakob Blom som i plan- og byggeperioden har vore ein krumtapp for å få prosjektet i hamn. Utan han ville barnehagen neppe blitt bygd. -Han har alltid ei positiv vinkling og ser alle rundt seg. Og så ser han små detaljar, for mann å vera, sa Olaug.

Felles juletre i nabogrensa

Rektor Linda Haugstad ved Blomvåg skule sa i si helsing at ho som nabo var skeptisk

til byggeplanane i førstninga. Men så vart skulen kalla inn på råd og gitt god informasjon i ulike prosesser. Open kommunikasjon var nøkkelen til eit godt samarbeid. Det vart mykje bråk og skyting når grunnarbeidet stod på som verst, men det vart løyst på ein god måte likevel.

Som gåve frå skulen som nabo, hadde rektor med ein plante som symbol på godt naboskap – eit tre som skal veksa opp i nabogrensa mellom skulen og barnehagen. Den kan fungera som ei felles julegran der skulen og barnehagen pyntar kvar si side av treet, og som alle borna kan gå rundt, sa rektor.

Tillit, kvalitet og livssyn

-Me treng nokon som skjønar og brenn for at barna skal få ein god start i livet. Og det er ein sum av mange ting, sa Nils Valde, representant frå eigaren NLM. Me vil gjerne føra tillit inn i lokalsamfunnet i eit samarbeid som er bygd på kvalitet, bredde og livssyn. I dette arbeidet har kyrkja og bedehusa i Øygarden stått sentralt i lange tider og som me ønskjer å føra vidare. Dette arbeidet heng ikkje i lause lufta. Me er mange som har folda hendene over dette prosjektet, sa Valde.

Barnesang frå utsida

På grunn av smittefaren kunne borna i barnehagen ikkje vera til stades på opningsfesten. Men dei stod oppstilt utanfor lokalet og fekk kontakt med dei innbudne gjestane gjennom ein glasvegg. Og så hadde dei laga ein video med innslag av fleire barnesongar. -"Må Gud velsigne deg", var helsinga i songen frå barna til dei frammøtte gjestane.



Frå venstre: dagleg leiar Olaug Rong, styreleiar Jakob Blom og ordførar Tom Georg Indrevik.



Frå venstre: varaordførar Atle Dævøy, ordførar Tom Georg Indrevik, styreleiar Jakob Blom, kommunalsjef for Oppvekst Anne-Merete Vabø Haugane og tidlegare ordførar i gamle Øygarden, Børge Haugetun.



Tom Georg Indrevik overrekte seks puslespel til barnehagen.

Ein annleis dag på Skjergardsheimen

Sidan det ikkje kunne bli vanleg leir i november, vart 3. klasse i staden invitert til drive through-leir på Skjergardsheimen den 21. november. Sjølv om alt gjekk føre seg på stasjonar utanfor bygget, vart det litt smak av leir!

Tekst og foto: Hogne Berland



Synnva og Olivia var fornøyde med dagen

I frisk bris sto ledarane klare for å ta i mot dei som hadde meldt seg på denne litt uvanlege leiren. Deltakarane kunne komme når det passa mellom kl. 12 og 15 og barna som dukka opp viste seg også å vera meget klar for leir! Runden starta med litt konkurransar ute på parkeringsplassen. Fotballbowlings, leirquiz og svampekast på leder stod på programmet og fleire kom seg derifrå med gøye premiar.

Så bar turen inn på plassen framfor Skjergardsheimen. Her fekk barna møte nokre personar frå Bibelen. Abraham, ein gjetar frå Betlehemsmarka, Bartimeus og Maria Magdalena hadde lyst å snakke med deltakarane. Alle bibelpersonane kunne

fortelje litt om Jesus på ulike måtar. På kvar stasjon fekk barna ein ting som skulle hjelpe dei å hugse kva dei fann ut.

Synnva Halsne og Olivia Dale var eigentleg veldig klare for vanlig leir, sjølv om dei innrømmer at det var litt skummelt å tenke på å overnatte. Men etter runden er dei fornøyde. «Dette var kjempegøy!» er begge einige om. Det gøyaste syntes dei var å kaste svamp på på ein leidar. Det er uvisst om leidar Leah Andersen er einig i det. Marte Oppedal Dale, mor til Olivia, er også fornøyd. «Det er bra at det skjer noko i ei tid då mykje er avlyst.»



Ellisiv fekk møte ein gjetar

Seinare på dagen kjem Alvide Johnsen. Ho hoppar bokstavig talt ut av bilen og ser veldig klar ut. Då ho var ferdig med sin leirrunde hadde ho fleire kommentarar. «Alle konkurransane var gøy, men quizen var for enkel!». Vi noterer oss denne evalueringa og spør vidare kven det var mest spennande å møte frå Bibelen? Ho tenker seg litt om før ho kjem fram til at det må vera Maria Magdalena. «Ho hadde så mykje spennande å fortelle som eg ikkje hadde hørt før!»

Det vart altså litt leir likevel i november, men både leidarar og deltakarar håpar på «vanlege» leirar på Skjergardsheimen når vi kjem til våren igjen!



Borna fekk blant anna møte Abraham



Maria Magdalena på plass på Skjergardsheimen



Leah Andersen var den (u)heldige ledaren som havna på svampekast

Hogne har ordet

Hogne Berland
Kyrkjelydspedagog



I november og starten av desember stod det mykje på kalendaren i trusopplæringa i kyrkja. Vi skulle ha både 3. og 4. klasseleir på Skjergardsheimen. Vi skulle på konfirmantleir og vi skulle arrangere Lys Våken med overnatting i Blomvåg kyrkje. I slutten av oktober såg det ut til at ting kunne gå som planlagt, men i begynnelsen av november skjønnte vi at slik vart det ikkje.

Det er utfordrande å planlegge aktivitetar i denne tida. Som du kan lese i dette Øynytt, har vi prøvd å finne gode alternativ til barneleirane. Og kanskje kan vi arrangere konfirmantleir og Lys våken til våren igjen? Slik det er no må planar stadig endrast. Det må vi forholde oss til, men vi ser håp om at ting kan normalisera seg utover våren. Smittevernlegen er grei han, men eg kjenner det skal bli fint når vi kan invitere til leir på Skjergardsheimen igjen uten å ringa til han først!

Ein gong lærte eg ein artig ting i Bibelen. Det midterste verset i det midterste kapitlet i Bibelen handlar på ein måte om Bibelen! Der står det: «I all æve, Herre, står ditt ord fast i himmelen.» Salme 119,89. Bibelen er Guds ord til oss. Det står alltid fast. Der finn vi det vi treng for livet her og for å nå fram til himmelen ein gong der framme. Gud lovar at i himmelen er det ingen ulykke, sjukdom eller pandemi.

Når mykje er ustabil, er det godt at noko står fast. Eg er glad for at Guds ord og løftene han gjev oss der alltid står fast.

Dette skjer

Med atterhald om endringar og avlysingar.

LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

24.-26. januar:	7. klasseleir
14.-16. februar:	5. klasseleir
13.-15. mars:	6. klasseleir
24.-26. april:	Ungdomsskuleleir

REFUEL

15. januar
29. januar
12. februar
26. februar
12. mars
26. mars
9. april
23. april
7. mai
21. mai
4. juni

Stad: Rong senter
Tid: 19.30–22.30

KRIK

8. januar
22. januar
5. februar
19. februar
5. mars
19. mars
16. april
30. april
14. mai
28. mai
11. juni

Stad: Hjeltefjorden arena
Tid: 19.30–21.30

INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga. E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane. Ta kontakt om du vil delta frivillig.

- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldttallerken

Rong Catering a/s
Tlf. 9185 6258

Fag Revisjon as

Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,
eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no

Fag Revisjon AS, Bolgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no



• Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
• Moderne bilverksted m EU/kontroll
• Reparasjon av alle bilmerker
• V askehall
• Kaffiavtale
• Gass

BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted



- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

Ferskvarespesialisten
Velsmakende varmmat
Fristende frukt og grønt
Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 7-22 laurdag 9-20

posten tofo trumf Bank i butikk SPAR Rong tlf. 56 38 71 40

Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

Ved Rong senter
Tlf. 56 38 71 20
Mandag - lørdag
kl. 07.00-23.00



NORGESHUS NORGESHUS
TH Bhas Bygg Øygarden
Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålsetet 2, 5337 Rong
e-post: ta@norgeshus.no
www.norgeshus.no

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjuset 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

Bergen Omegn

BEGRAVELSESHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knuf Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN AVD. SOTRA
Teatergt. 20 2.etg på Shellstasjonen
5010 Bergen Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50 Tlf: 55 21 44 50



Asane Begravelsesbyrå AS
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnavt tlf.: 5518 9000

Montér

Øygarden Byggsenter AS

Pålsetet 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: post@oybygg.no
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00, lørd 09.00-14.00

Din lokale elektriker!

VESTGAR ELEKTRO

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210
post@vestgarelektro.no - www.vestgarelektro.no

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B-P-S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22
Mobil: 918 56 258

Øygarden elektriske as

Tlf: 56 38 24 40
Fax: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Vi formidler blomster til innland og utland

INTERFLORA

Blomsterbua

Rong senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

Solstrands Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRAVFERD**

Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

• Tilbygg Normann 958 19 905
• Nybygg Ingvard 958 10 967
• Rehabilitering
• Montering og utleie av brakker Trelastlager Tjeldstø




Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabollegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062
www.torsteinsvik.no

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS 22 40 00 40 **SOS** CHAT **SOS** MELDING **KIRKENS SOS**



Vidar Vik Torsvik
murmester

TORSVIK MUR

Alt i mur, puss og flisearbeid
Rehabilitering/fornyng av gamle skorsteiner/piper

Dalekletten 44
5337 Rong Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com

Julegrana utafør Nautnes Bedehus
vart tent 1. søndag i advent!



Lysa minner oss om kven som er verda sitt lys.
Hjarta - ha omsorg for kvarandre i ei krevjande tid!
Foto: Normann Martinussen, tekst: Bjarne Skjold

Bibeldagen søndag 31. januar 2021



Bibeldagen er den årlige feiringen av Bibelens plass i menigheten, i Norge og i verden. På Bibeldagen setter vi Bibelen i sentrum og gleder oss over at vi har den på vårt eget språk og samlar inn penger til bibelprosjekt i andre land. I Nygård kirke har vi nå i fem år lagt til rette for en økumenisk samling for Bergen og omegn med økende tilslutning.

**Samling i Nygård kirke
31. jan. 2021 kl. 18.00**

Kontakt med ansvarleg for grav

Vi ønskjer kontakt med fester/
ansvarleg for denne grava.

ØYGARDEN KYRKJEKONTOR
tlf. 400 03 316
post.oygarden@kyrkja.no



Kyrkjegardsforvaltninga manglar kontaktinformasjon for mange graver i Øygarden. Vi ynskjer å få oppdatert listene på festeansvarleg og har difor satt på "lapp" på ein del gravmonument. Dersom du finn ein slik "lapp" på ei grav du har ansvar for, ber vi deg ta kontakt med kyrkjekontoret i Øygarden. Dersom vi ikkje oppnår kontakt vil gravminnet bli tatt vekk frå gravplassen etter 1/2 år. Dette til informasjon.

Hjelme og Blomvåg sokn har fått ny innsamlingsbankkonto

Dersom du er fast givar og vil gje gåver til Hjelme og Blomvåg sokneråd kan du legge inn den nye innsamlingskontoen 3626.25.41295.

v:pps

Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippsnummer

Hjelme kyrkje: #75628

Blomvåg kyrkje: #75632

Leiropphald på Skjergardsheimen: #75635

Vippsnummera som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du set heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiropphald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.

Til lukke

70 år

- 13. des Svein Arthur Johnsen, Jensvardvegen 34
- 18. des Kjellaug Marit Jebsen, Pålsmaset 18
- 26. des Ingolf Reidar Svellingen, Hellesøyvegen 234
- 31. des Magnar Blom, Torvhaugen 17
- 6. jan Kåre Karstein Heggøy, Tjeldstøvegen 101
- 10. jan Alf Harald Hammer, Blomåsen 27
- 12. jan Tove Blom, Blomenutvegen 15
- 17. jan Rolf Inge Hellesund, Håkletten 17
- 18. jan Olav Svellingen, Ramskora 4
- 21. jan Wenche Mari Torsvik, Maiavegen 1
- 3. feb Vidar Larsen, Solvang 21

75 år

- 23. des Svein Ove Hennø, Piletrevegen 8
- 24. des Odd Martin Hellesund, Arsettnet 21
- 29. des Ragnar Magne Sture, Jensvardvegen 8F
- 31. des Hans Johan Aastvedt, Vikavågen 8
- 12. jan Nora Torsvik, Maiavegen 7
- 6. feb Annlaug Vik, Helgebrekka 24

80 år

- 23. des Anne Karin Hernar, Alvheimsvegen 7
- 16. jan Ruth Karin Sandøy, Arsettnet 27
- 10. feb Hanna Oline Skråmestø, Råebakkane 5

85 år

- 14. des Margoth Johanne Alvheim, Bårdalsslivegen 42
- 20. des Håkon Johan Vik, Vikabrekka 56
- 22. des Mons Kristoffer Nakken, Dävøyvegen 22

90 år

- 23. jan Alfild Knarvik, Ternholmvegen 26B

Gudstenester / Service

Worship is the most important meeting point for Christians. It is the place where Christians become a visible congregation – a fellowship of people who share a faith in God and in the resurrection of Jesus Christ. It is a place where people together come before God. Here is a list of upcoming services in Øygarden

Pga Covid-19 kan det kome endringar brått. Følg med på nettsida eller ring kyrkjekontoret.

JULEFESTEN 3. JANUAR MÅ DESSVERRE GÅ UT

13. des kl. 11.00 - Blomvåg kyrkje
Vi syng jula inn. Mykje allsong, andakt ved Espen Tveten. Song av barnekoret Lyskastaren, jentegruppe med band, og Øygardskoret.

16. des kl. 06.30 – Blomvåg kyrkje
Morgonmesse ved Espen Tveten. Enkel liturgi, song, andakt, Kyrkjeband og forsongarar.

20. des kl. 17.00 – Hjelme kyrkje
Vi syng jula inn. Mykje allsong, andakt ved Espen Tveten. Song av jentegruppe med band, og Øygardskoret.

24. desember:
kl. 11.00 – Tednebakkane omsorgsenter
Julaftangudsteneste ved Knut Kaldestad.

kl. 14.30 – Blomvåg kyrkje
Julaftangudsteneste ved Espen Tveten. Offer til misjonsprosjektet i Thailand

kl. 16.00 – Blomvåg kyrkje
Julaftangudsteneste ved Espen Tveten. Song av Gospelteens. Offer til misjonsprosjektet i Thailand

kl. 16.00 – Hjelme kyrkje
Julaftangudsteneste ved Knut Kaldestad. Belinda Hellesund er med på kornett. Offer til misjonsprosjektet i Thailand

25. des kl. 12.00 – Hjelme kyrkje
Høgtidsgudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd. Offer til Kirkens SOS

26. des kl. 12.00 – Blomvåg kyrkje
Høgtidsgudsteneste ved Knut Kaldestad. Nattverd. Offer til Kirkens SOS.

1. januar kl. 12.00 – Blomvåg kyrkje
Høgtidsgudsteneste ved Knut Kaldestad. Nattverd.

3. januar kl. 11.00 – Hjelme kyrkje
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd

10. januar kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje
Gudsteneste ved Espen Tveten. Dåp. Nattverd.

17. januar kl. 11.00 – Hjelme kyrkje
Gudsteneste ved Knut Kaldestad. Nattverd

24. januar kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd

31. januar kl. 11.00 – Hjelme kyrkje
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd

7. februar kl. 11.00 – Hjelme kyrkje
Visitasgudsteneste ved Espen Tveten og biskop Halvor Nordhaug. Nattverd. Visitasforedrag og kyrkjekaffi.

Døde

Blomvåg

- Amalia Rong, Rong, f. 1926
- Margrethe Jorun Herdlevær, Herdlevær, f. 1941
- Ingeborg Marie Kårbø, Blomvåg, f. 1930
- Martha Hansine Torsvik, Tjødnavegen, f. 1942

Hjelme

- Herborg Sture, Tednebakkane, f. 1926
- Magnar Svellingen, Svellingen, f. 1939

Døpte

Blomvåg

- Alva Young Hellesund, Knappebrekka
- Klara Dale Gerhardsen, Skjoldingsneset
- Emma Espeli Sletten, Bergen
- Gabriel Rong Monsen, Pålsmaset
- Fillip Hellesund Heimark, Vestesundvegen

Hjelme

- Stine Elise Oppedal, Skjoldingsneset


Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:

kyrkja.no/oygarden

Distribusjon i Hjelme og Blomvåk sokn:
Hammer transport, tlf. 92063006

Distribusjon utanfor Hjelme og Blomvåk sokn:
Posten Norge

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Dåp

Eit teikn på Guds kjærleik

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda.

Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For påmelding og informasjon om dåp gå inn på kyrkja.no/oygarden/dap



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd

Stor givarglede



Unni Instefjord og Olav Bøe hadde hendene fulle med å ta imot sekkar med klær og anna utstyr som skulle sendast til UKRAINA.

Med på lastebilen som skal kjøra til UKRAINA var det om lag 1000 julepakkar til barna. Pakkane vert distribuert av organisasjonen Giving Hands.

40.000 til bistandsprosjekt

Den årlege julemarknaden på Vik bedehus vart endra til boklotteri. Inntektene frå lotteriet går til bistandsprosjekt i Aust-Afrika, som støttar lese- og skriveopplæring til kvinner, skaffa vatn, med meir.

Det vart seld lodd for 40.000 kroner. Den elektroniske trekninga vart gjennomført laurdag 28.11. under oppsyn av fire damer som er blant dei som står bak lotteriet. Stor takk til alle som har kjøpt lodd!



Bak f.v. Ingrid Torsvik og Cecilie Vik Sætre, framme f.v. Anette Toft Wastvedt og Hildegunn Vik Landro. Foto: Ottar Vik